

## STYREMØTE I ÅRDALENS VENNER SØNDAG 12 MARS 2017

Desse møtte : Per Arne Berge, Tormod Austring, Sissel Solheim( vara) Magnar Osmundsvåg, Terje Hovden (vara) og Wenche Leknesund.

1. Konstituering.

Leiar: Wenche Leknesund

Nestleiar: Magnar Osmundsvåg

Skrivar: Tormod Austring

Kasserar: Terje Hovden

Styremedlemmar: Siw Fure og Per Arne Berge.

Vara: Sissel Honningsvåg Solheim og Terje Hovden.

2. Brenning av tørrgras og einstape (bregner)

Vi prøver å få til å brenne før 15. april. Wenche tek ansvar for å kontakte brannsjefen for løyve og lån av pisk til å kontrollere brannen med. Vi satsar på dugnad for å få dette til. Veiravhengig. Per tek ansvar for ev inngjerding av slåtteteigar.

3. Korleis engasjere fleire medlemmar / få inn midlar.

Tormod tek kontakt med Atle Riksfjord og høyrer om han kan vidareformidle til bedrifter/ firma muligheita for å teikne støttemedlemskap i Aardalens Venner. Wenche legg ut satsar og kontonr. på facebookside på nytt for å sjå om fleire vil betale inn medlemspengar. Søke midlar gjennom stiftingar/firma. Wenche tek kontakt med Marine Harvest, Tormod kontaktar Sparebanken Vest, Sissel tek kontakt med Gjensidigestiftelsen.

4. Dugnad.

Maling av kledning og listverk på hovedhus, skifte ut liggande plankar på brua, ev ny bru. Oppgradere/rydde stien frå Skårbø til Årdalen slik at den er lettare tilgjengeleg for alle. Ev. også rydde stien( gjere den lettare å gå) mellom Årdalen og Rydjajorda. Rydde vekk stein frå elva for å unngå at vatnet fløymer over og grev ut terrenget.

Det er viktig å få inn midlar til vennelaget slik at vi kan holde bygningane ved like. Prioritet i år er kårhuset som skal ha ny kledning, og noke nødvendig reparasjon innvendig. Alle bidrag blir mottekne med takk. Det er og nødvendig med dugnadar, og vi håpar at mange kan sjå gleden og nytten av dette arbeidet. All annonsering vil i hovedsak bli gjort på facebookside, og det er fint om folk deler innlegga slik at informasjon rekk ut til fleire. Alt arbeid og støtte til Aardalens Venner ellers er frivillig.

Ref.

Wenche Leknesund